

---

**Fra:** Stine Fyrde Venge <Stine.Fyrde.Venge@akasia.no>  
**Sendt:** 19. februar 2014 10:12  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Søknad om løyve til utslepp av drensvatn  
**Vedlegg:** 34555.pdf; 34567.pdf; 34556.pdf; 34557.pdf

Lindås kommune v/Helsesjefen  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

**Mottaker:**  
Lindås kommune v/Helsesjefen

**Vår ref.**  
14/2796/stni

**Deres ref.**

**Dato:**  
19.02.2014

## **Søknad om løyve til utslepp av drensvatn**

Akasia ynskjer med dette å søkje om Helsesjefen si godkjenning for utviding av eksisterande Hjelmås gravplass.

Framlegget er i samsvar med kommuneplanens arealdel for år 2011 – 2023 for Lindås kommune, kor området er regulert til grav- og urnelund. Prosjektområdet er ikkje ein del av ein detalj- eller områdereguleringsplan.

Akasia prosjekterer gravplassen etter dei føringar som ligg i sentrale lover (særleg Gravferdslova av 1996 med tilhøyrande forskrift og Plan- og bygningslova av 2008), og etter dei ynskje vi får frå Kyrkjeverja med hans medarbeidarar i Lindås sokn.

Planene for gravplassutvidinga vart framlagd og vedteke i Lindås kyrkjelege fellesråd 30. januar 2014 (sak 14/2014).

Ved Hjelmås kyrkjegard minkar det på ledige kistegraver. Gravplassen er venta å vera fullt belagt om ca 1,5 år med den utviklinga som har vore i tal gravferder dei siste åra. På dei felte som er teke i bruk er det til dels store vanskar med overvatn, og fleire av gravene har måtta slettast før dei er tekne i bruk på grunn av dette. Det er von om at tiltak som vert sett inn på det nye området, vil hjelpa å drenera eksisterande gravfelt.

Hovudmåla for prosjektet er:

- Gje tilgang til nye kistegraver
- Sikra bortleiing av overvatn og god drenering i gravfelte
- Gje flest moglege graver samstundes som det vert lagt vekt på estetikk i utforminga
- Sikra effektivitet og god ressursbruk i framtidig drift
- Planleggja med tanke på eventuell vidare utviding av gravplassen
- Eventuelt gjera tiltak for å drenera ut eksisterande gravfelt

Areal på prosjektområdet er i overkant av 1,8 daa, og tomten ligg i fortsetjing av eksisterande gravplass, lengst sør på eigedommen. Det er store høgdeskilnader i prosjektområdet med lågaste kotehøgde på 43 m, og høgste på 50 m. Tørrmurar av naturstein vil ta opp høgdeskilnaden i ytterkant av prosjektområdet, og samtidig danne eit tydeleg skilje mellom gravplassen og området utanfor. Parkering vil skje på allereie opparbeidd plass utanfor gravplassen.

Det utvida området inneheld til saman 170 kistegraver fordelt på tre felt. Felt H (sjå teikning L202 ny situasjonsplan) ligg noko høgare i terrenget, og er sterkt tilknytt eksisterande gravfelt i nord. Høgdeskilnaden til dei to andre gravfelta i sør som ligg lågare i terrenget vil verte teken opp av eksisterande berg som skal reinskast, og bringast fram i dagen.

Innanfor kistefelta skal eksisterande massar fjernast ned til fast grunn, og ein del sprenging må gjennomførast for å få god nok djupn for oppbygging av nye gravemassar. Det skal leggjast 30 cm tjukt drenslag av pukkk, kornstorleik 16 – 32 mm i botn av utgravd trau før oppfylling med gravemassar. Dei nye gravemassane vil vere sett saman av ei blanding av naturlege sand- og grusmassar samt knuste massar med ei gradering som sikrar at luft og vatn slepp gjennom.

Våre gravemassar vil gje ei effektiv filtrering av avsig frå omdanningsprosessane. I tillegg vert avsiget frå gravemassane samla i eit fordrøyningsbasseng før det går ut til omgjevnadene. Dermed vil det ikkje vere noko utlepp som kan føre til ulempe for omgjevnadene.

I si bok «Den nye kirkegårdsboka» (Ars Longa, 2005) fastslår kyrkjegardskonsulenten Helge Klingberg at «..avløpsvann fra kirkegårder i alminnelighet verken er helsemessig eller forurensningsmessig tvilsom. Dette understøttes også av undersøkelser som er gjort. Forutsetningen er at dreneringen er korrekt utført.»

Akasia ynskjer Helsesjefen si godkjenning til den planlagde løysinga for drenering av Hjelmås kyrkjegard. Drensvatnet frå gravplassen skal ikkje utgjere nokon helsemessig eller miljømessig risiko.

Med vennlig hilsen

Arne Tveit  
områdeleder utbygging

Stine Fyrde Nilsen  
landskapsarkitekt  
stinefyrde.nilsen@akasia.no

**Vedlegg:**

L202@A3  
L203@A3  
L210@A3  
L215@A4

**Kopi til:**

Marit Voltersvik

Dette er et elektronisk godkjent dokument